



Norsk Landbruksrådgiving Vest Sa  
Postboks 197  
6821 SANDANE

Deres ref.:

Vår ref.:

Vedtaksdato:

21/2556 - 3 / MELABJ

21.06.2021 685/21

## Svar på søknad om driftstøtte til Norsk landbruksrådgiving Vest for 2021

### Administrativt vedtak. Saknr: 685/21

Alver kommune løyver kr 25.000 i driftsstøtte for 2021 til Norsk Landbruksrådgiving Vest SA. Det vert sett som vilkår for løyvinga at landbruksavdelinga i Alver kommune kan nytta NLR Vest til eiga kompetanseheving innanfor løyvd sum.

Tilskottet vert dekket av konto: 14700 teneste 3290 ansvar 7130 og vert utbetalt til kontonummer 3705 31 31922

### Saka gjeld:

Norsk Landbruksrådgiving Vest SA søker om kommunal driftsstøtte for 2021 i søknad motteke 17.12.2020. Norsk Landbruksrådgiving er ein viktig aktør for landbruket innan rådgjeving, kursverksemd, informasjonsarbeid generelt og kunnskapsutvikling. I søknaden trekkjer dei fram viktige satsingsområde. Dei fekk i 2020 løyvd kr. 25 000 frå Alver kommune. I vedlegget står det feil kommunenamn, men søknaden er sendt Alver kommune og vert oppfatta til å gjelda Alver.

*I koronaåret 2020 har NLR Vest på kort tid teke i bruk nye digitale verktøy for å oppretthalde tilbodet til bonden. I periodar og i område med stor risiko for smittespreiing, har fagmøte og kurs vore gjort om til digitale webinar. Det har vore stor interesse for dei digitale tilboda,*

*Kontakten vi får med bonden på desse arrangementa kan ikkje erstattast med digitale møte, og framover vil vi tilby både digitale webinar og fysiske kurs og møte.*

*Dette året har vi hatt spesielt fokus på tiltak for å auke avlingane og betre kvaliteten i grovfôr, til dømes rett gjødsling og slåttetidspunkt, plantevern og stell av beiter.*

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no

www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Organisasjonsnummer: 920 290 922

NLR Vest har rådgjevarar med spesialkompetanse på helse, miljø og sikkerheit i landbruket. NLR Vest tilbyr gratis krisehjelp for bønder som er i ein vanskeleg situasjon. I 2020 har vi hatt fokus på bonden og psykisk helse på fleire fagmøte registrerer auka interesse for dyrking av frukt, bær, potet og grønsaker, også i område utan tidlegare tradisjon for desse produksjonane. På små bruk kan frukt, bær og grønt gje betre inntekt og lønsemd enn husdyrhald, og vi følgjer tett opp med rådgjeving, og samarbeidar med Fylkesmannen om satsinga på Marknadshagar.

Vi arrangerer kurs i bedriftsutvikling og nyetablering i landbruket. Økonomirådgjevarane våre følgjer opp og gjev råd i samband med driftsplanar og søknader til innovasjon Norge. Våre rådgjevarar har brei erfaring og godt nettverk, og kan foreslå løysingar eller peike på utfordringar som bonden sjølv ikkje ser. Betre økonomisk resultat i landbruket og utvikling av næringa, gjev auka verdiskaping og sikrar arbeidsplassar på gardane, som igjen medverkar til inntekt i kommunen.

Vi yter tenester til alle bønder, også til dei som ikkje er medlemar. Kurs, fagmøte og markdagar er opne for alle, og vår kompetanse kan kome alle bønder til gode. NLR Vest får tilskot frå kommunar og gjennom jordbruksavtalen, og ellers er det eigenbetaling frå medlemmer. Satsing på klimakalkulator og klimatiltak vil ha ekstra fokus i 2021.

Vi ynskjer eit godt samarbeid med kommunane og set pris på innspel frå kommunane når det gjeld aktivitetar vi kan samarbeide om. Vi kan også ta oppdrag for kommunane blant anna når det gjeld arbeid med kommuneplan, vassdirektiv, verdsetting av landbruksareal, vurdering av areal for landbruksproduksjon mm.

#### **VURDERING:**

NLR Vest gjer ein viktig jobb for bøndene og er dei fremste fagrådgjevarane me har på sine felt. På 90- talet overtok landbruksrådgivinga ein del faglege oppgåver frå landbrukskontoret og dette vart kompensert med at kommunane ytte driftstilskot. Storleiken på tilskotet har variert gjennom åra, men rådmannen meiner at det er viktig å gje driftsstøtta for å sikra eit godt rådgjevingstilbod for landbruket. Spesielt i tida med klimaendringar, svak økonomi og nye gjødselkrav på trappene er det viktig med eit velfungerande rådgivingsapparat.

Alver kommune ynskjer å ha ein tett dialog med NLR Vest til det beste for landbruket i regionen vår. Både gjennom direkte formidling til bonden, men også gjennom kunnskapsheving innan jord- og plantekultur for oss tilsette ved landbruksavdelinga i kommunen. I 2020 har landbruksavdelinga hatt eit godt samarbeid med NLR om mellom anna prosjekt klimabonden.

Alver kommune v/Landbruksavdelinga ser fram til vidare samarbeid.

#### **Konklusjon**

Alver kommune yter kr 25 000 i driftsstøtte til NLR Vest Sa.

Med hilsen

Siril Therese Sylta  
Tenesteleiar

Laila Bjørg  
Avdelingsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

**Mottakere:**

Norsk Landbruksrådgiving  
Vest Sa

Postboks 197

6821

SANDANE